

NVE

Middelthunsgate 29
0301 Oslo

Høyringsvar -Endring i beredskapsforskrifta

Otra Kraft DA har motteke høyringsbrevet frå NVE i samband med forslag til endringar i beredskapsforskrifta. Otra Kraft DA ynskjer å kome med innspel etter same mal som NVE har lagt opp til i høyringsnotatet; Generelle endringar, endringar knytt til produksjonsanlegg og IKT tryggleik m.m.

Generelle endringar:

Kommentar til § 1-2

Otra Kraft er skeptisk til at "omsetning" vert teke med i virkeområde for forskrifta. Slik me ser det vil ein situasjon som krev at det vert sett beredskap vere utafør normalsituasjon og normale forhold knytt til omsetning vil vere sett litt på sida. Omsetjing av kraft vil vere innafor ein normalsituasjon og me frykter at det kan virke hemmande med tanke på å ha ein open og transparent marknadsplass for kraft og tilhøyrande tilleggstenerer.

Kommentar til § 5-11

Me har også eit innspel til tydeleggjering knytt til § 5-11 "Personer uten bakgrunnsjekk etter § 6-7 tredje og fjerde ledd skal ikke ha adgang til driftsentraler i klasse 3..." Gjeld dette sjølvstendig tilgong, eller gjeld det også besøk som fylgjer fast avgrensa rute i fylgje (ledsaget) av røynd og ansvarleg representant for anlegget? Om det berre gjeld tilgong på eiga hand, kunne ein skrive "...skal ikkje ha selvstendig adgang..." Om det derimot gjeld alle besøkande vert det veldig komplisert å ha besøk og ein burde vurdere om ein kan ha besøk. Me ynskjer at det skal vere mogleg å ha besøk, t.d. av lokale skuleklassar som skal få innføring i kraftproduksjon og sjå korleis dette er bygt opp. Me meiner det er viktig både med tanke på framtidig rekruttering til bransjen, men også viktig for å vise kva innverknad kraftproduksjon har og har hatt på lokalmiljøet.

Produksjonsanlegg:

Kommentar til § 5-2

NVE føreslår å heve innslagspunktet for klasse 1 anlegg opp til 50 MVA. Det er i utgangspunktet bra. Problemet er at det vert veldig små steg mellom klasse 1 og klasse 2 anlegg. Det kan virke som lite fundert grense for kor desse skal vere. Det burde liggje meir bak enn berre MVA verdien på installert effekt som er avgjerande. Har anlegget evne til å levere effekt til ei kvar tid og i tilfelle kor mykje? Er alle aggregata i stasjonen frå same magasin/inntak, eller er det berre "tilfeldig" samlokalisert i same stasjon? For vår del ser det litt vilkårleg ut at berre samla MVA i stasjonen skal vere avgjerande i so måte. Me har også ein kommentar til klassifisering av klasse 3 anlegg. Det verkar litt underleg at det berre er store anlegg i fjell som kjem inn her. Kan ikkje sjå at plassering av anlegget skal ha innverknad på kva klasse det skal ha. Det burde kanskje heller vere lempelegare krav i og med at anlegget har ei naturleg sikring ved å ligge i fjell. Vår høyringsinnspel går difor i retning av å vurdere heile inndelingar av klassar på nytt, og kanskje også vurdere om det bør vere spesifikke anlegg som i nasjonal samanheng er viktige for å halde oppe forsyningstryggleiken i staden for å ha generelle grenser på MVA nivå og plassering av desse.

Me er også skeptiske til at vindparker i praksis vert fråkopla beredskapsforskrifta. Rett nok vil ein ikkje kunne styre om det er vind eller ikkje i område. Ved eit visst volum av slike vil dei normalt utgjere ein relativt stor produksjon- nokså lik situasjon som for elvekraftverk. Dei reglane som ligg i beredskapsforskrifta med tanke på hindring av sabotasje og liknande vil vere til lite hjelp om ein har andre anlegg som heng i hop gjennom same nettet og som kan negativt interferere med dette og redusere forsyningstryggleiken. Om ein tenkjer på sabotasjefaren vil også desse representere ein stor fare mot forsyningstryggleiken om uvedkomande her lett kan få tilgang til styring av brytarar og liknande sidan desse anlegga jamt er plassert i periferien med svak nett- tilknytning og tilhøyrande større fare for nettkolaps.

IKT Tryggleik m.m.

Kommentar til § 6.2

Endringa av § 6.2 er me redd vil vere til hinder for rekruttering av personell slik teksta er utforma i høyringskrivet. I utlysingstekst vil det som regel gå fram at ein søker etter ressursar på driftsentral og at dette er på ein gjeven lokasjon. Slik me les teksta vil dette kunne vere i strid med beredskapsforskrifta og me meiner ein ikkje kan ha slik ei avgrensing. Det må vere mogleg å rekruttere personell. På små stadar vil det også vere allmenn kjent kor driftsentralen er plassert. Det skal godt gjerast at det vert halde hemmeleg. Her i bygda veit alle kor driftsentralen er plassert og det skal godt gjerast å reversere denne lokalkunnskapen.

Kommentar til § 6-7

Fyrste delen av § 6-7 er heilt greitt. Ein må ha bakgrunnsjekk og at denne også inkluderer kredittsjekk og politiattest ved tilsetjing er ikkje særleg problematisk. Det kan vere eit større problem med tanke på personell ein treng frå leverandørar av tenester som ikkje er inne på permanent basis. I so måte hadde det kanskje vore ein ide å oppretta eit felles register der personar frå ulike leverandørar kunne verte "godkjente" for anlegg frå sentralt hald.

Me frykter også at det kan verte ein tung prosess med ettergodkjenning kvart 5. år for alle som skal ha tilgang til anlegg. Me ynskjer oss heller ein rett til å gjennomføre dette ved behov, slik at ein ut frå ei konkret risikovurdering kan gjennomføre dette.

Med helsing
Otra Kraft DA